



Telemark Bonde- og Småbrukarlag

Årsmelding 2023



Tillitsvalde i Telemark Bonde og Småbrukarlag 2022

Leiar: Per Helge Seltveit, Fyresdal, tlf.: 95036170 perseltveit@outlook.com

Nestleiar: Sondre Aasan, Flatdal, tlf.: 45872979 sondreaasan@hotmail.com

Styremedlemmer:

Regina Brajkovic, Sannidal, tlf.: 988 79 341 brajkov@online.no

Halvor Versto, Vinje, tlf.: 911 46 242 hversto@yahoo.no

André Trondsen, Midt-Telemark, Tlf.: 951 80 702 post@andretrondsen.no

Vara:

1. vara: Ingebjørg K. Øygarden, Rauland tlf.:954 05 230 ikristense@gmail.com

2. vara: Bjørgulv Kvåmme, Edland, tlf.: 906 42 486 elinhaugo@yahoo.no

3. vara: Lars Teigen, Bøgrend, tlf.: 992 42 825 hogetveitteigen@gmail.com

Revisorar: Arvid Lia, Notodden og Finn Arne Askje, Tokke

Rovdyrkontakt frå Telemark i NBS: Regina Brajkovic/ Tor Mølster Byggland

Leiar i rovviltutvalet i NBS: Regina Brajkovic

Medlem i ungdomsutvalet i NBS: Elin Ringhus

Leiar i Klima- og bærekraftutvalet: Kathrine Kinn

Medlem i kornutvalet i NBS: Hellek Berge

Kontaktperson for skrantesjuka på Hardangervidda:

Ingebjørg Kristense Øygarden

Styremedl. i Utvalde Kulturlandskap Hjartdal og Svartdal for TBS:

Gunleik Mæland

Representant i Telemark Landbruksselskap: Regina Brajkovic

Representant i Landbruksråd Øst: André Trondsen

Fylkessekretær: Silje Hegg (01.01.23-01.11.23)

Tor Mølster Byggland (01.11.23-) 95216730 telemark@smabrukarlaget.no

Org.nr: 913 568 265

konto nr.: 2699 11 06676 Vipps nr.: 570676

Heimeside: www.smabrukarlaget.no

FB side: <https://www.facebook.com/telemaksmabrukarlag>

Lokallag i Telemark 2023

Hjartdal og Notodden BS

Leiar	Arvid Lia, Notodden, tlf.: 970 09 089 arvilia@online.no
Sekretær	Helle K. Gjerde, Sauland tlf.: 992 58 790 hkaufman@online.no
Kasserar	Eivor Bjerke, Sauland tlf.: 988 22 994 eivor.bjerke@gmail.com
Styremedlem	Svein Olav Skårdal, Sauland svein-olavm@hotmail.com
Vara	Edvard Eikemo, Sauland Ingunn Hovde, Hjartdal
Revisor	Øyvind Lia, Notodden

Vest- Telemark BS

Leiar	Tor Mølster Byggland, Øyfjell, Vinje, tlf.: 952 16 730 tor.byggland@gmail.com
Sekretær	Svein Kostveit, Rauland tlf.: 480 37 560 svein.kostveit@air.no
Styret	Gunnar Haugo, Vå, Vinje tlf.: 975 78 643 gunnarhaugo62@gmail.com Per Helge Seltveit, Tortveit, Fyresdal, tlf.: 950 36 170 Frode Dyrland, Åmotsdal, Seljord tlf.: 916 38 150 Ingebjørg Kristense Øygarden, Arabygdi, Rauland, tlf.: 954 05 230 Oddvar Seltveit, Mo, Tokke, tlf.: 900 13 727 Erlend S. Fundli, Fonnli, Vinje tlf.: 916 80 550
Vara	Kathrine Kinn, Flatdal, Seljord Olav Gunleik Mostaul, Mostøyl, Tokke Irene Aarbakk, Åmotsdal, Seljord Sondre Aasan, Flatdal, Seljord Kristina Huitfeldt Carlsen, Øyfjell, Vinje

Nedre Telemark BS

Leiar	Regina Brajkovic, Sannidal tlf.: 988 79 341 brajkov@online.no
Styret	André Trondsen, Bø, Midt-Telemark tlf.: 951 80 702 post@andretrondsen.no Cecilie Albretsen, Bø, Midt-Telemark tlf.: 907 69 202 ceciliesa@hotmail.com
Vara	Erling Ballestad, Gumøy, Kragerø

Tinn BS

Kontaktperson:	Barbro Stordalen, Austbygde tlf.: 906 42 304 bstordalen@gmail.com
----------------	---

Foto framside: Tor Mølster Byggland

Ord frå Fylkesleiar



Foto: Tor Mølster Byggland

«FOR HJERTET ER LIVET ENKELT: det slår så lenge det kan.»

(K.O. Knausgård; Min Kamp)

Utkastet til «Plan for 50 prosent sjølvforsyning innan 2026» frå NBS er hjartans enkel, - og så innlysende logisk, -for eit bonde- og småbrukar-hjarte!

Planutkastet seier at vi må produsere meir korn, meir gras, meir frukt og grønt, nytte meir beite og utmarksbeite, og vi skal bruke mindre kraftfôr. Vi skal dyrke, grøfte og kalke, attgrodde åkrar og beite skal opnast, karbon bindast og beitedyra skal vifte bort fluger og avåt frå eit rikt biologisk mangfald.

Det er lett å sjå for seg eit bonderomantisk Bygdenoreg ved lesing av planutkastet. Kanskje er det med ståstad Telemark at orda så lett blir til rosemåling? Og kanskje nett difor er vi i Telemark utfordra av sentralstyret til å vere vertskap for ei litteratur-samling denne våren? Kultur tyder å *dyrke* og er grunnleggande eitt med jordbruket. Med jordbruk kom det arbeidsdeling og frigjort tid til å kunne dikte med tonar, med fargar, i tre og stein - og med ord. Bygdene i Telemark har fødd sterk, levande litteratur. Litteratur sår frø som blir til haldningar og til handling. Ord kan flytte fjell. Mykje tyder på at eit lite, men veksande Norsk Bonde-og Småbrukarlag med eit tydeleg og inspirerande leiarskap nå endrar norsk jordbrukspolitikk!

Ein endra norsk jordbrukspolitik skal føre til mykje meir norsk mat. Det må bli meir norsk kornjord. Korn er i hovudsak menneskeføde. Det må bli fleire husdyr som nyttar graset frå store og små teigar i kvar bygd og grend, -over heile landet! Der er òg utmarka med det allsidige rike beitet. Dyr på beite er eit kjenneteikn på velferd og respekt for husdyra. Planutkastet nemner særleg at kastratar skal på beite. I dag kjem nær halvparten av storfeet i Noreg aldri ut på beite. Dette er eit faktum som heilt blir skoddelagt, - m.a. av debatten kring lausdriftskravet.

Mindre bruk av kraftfôr vil gje eit meir naturleg husdyrhald med lågare produksjon pr dyr. Kyrne vil mjølke mindre, men kunne leve lenger. Dei vil heller ikkje måtte gå med kronisk diaré grunna dei store kraftfôrmengdene. Søyene vil berre fø to lam, -så viseleg tilpassa dei to spenene. Godt grovfôr gjennom vinteren kan sikre søyene godt hald og høveleg produksjon med mykje mindre kraftfôr. I dag går det i Noreg med like mykje kraftfôr pr. kg. produsert lammekjøtt som pr. kg. produsert svinekjøtt.

På klimakalkulatoren til jordbruket vil ein mindre intensiv mjølke- og kjøttproduksjon slå ut negativt. Fleire dyr som lever lenger vil produsere meir metan, og metan-hemmarar er mest effektive i ei vom med mykje kraftfôr. Karbonbindinga og albedo-effekten frå beiting er derimot ikkje talfesta og høver ikkje inn i kalkuleringa. Det er innlysande at klimakalkulatoren så langt ikkje gir eit rett bilete av klimaavtrykket til jordbruket, og kalkulatoren kan såleis ikkje nyttast som argument mot eit meir naturvenleg og berekraftig jordbruk. Kalkulatoren favoriserer òg stordrift der bonden ikkje gjer slåtte- og jordarbeid sjølv, men kjøper desse tenestene frå landbruks-entreprenørar. Utsleppa frå dette arbeidet blir ikkje belasta jordbruket!

NBS utarbeider nå ein klima- og berekraftplan som venteleg vil omhandle heile klimaavtrykket og karbonsyklusen til norsk jordbruk medrekna både utslepp og karbonbinding. Klima- og berekraftutvalet blir leia av Kathrine Kinn, og Telemark BS vil fylgje dette arbeidet tett.

Utkastet til «Plan for 50 prosent sjølvforsyning innan 2026» er nå til høyring i organisasjonen. Planen kan venteleg bli endå betre, og må ta høgde for sterke motkrefter.

Overskrifta på denne helsinga siterer innleiinga til Min Kamp av Karl Ove Knausgård: «FOR HJERTET ER LIVET ENKELT: Det slår så lenge det kan.» Neste setning: «Så stopper det.» Skildringa av kva som skjer når hjartet sluttar å slå, er ikkje nemnd her i helsinga. Både ord og tru kan flytte fjell, og vi har tru på dei mange bankande og brennande hjarte for norsk berekraftig jordbruk!

Per Helge Seltveit, leiar Telemark Bonde- og Småbrukarlag

Årsmøtet 2023

Telemark Bonde- og Småbrukarlag heldt årsmøte 11.- 12. februar 2023 på Morgedal hotell. Frå NBS sentralt stilte fadder Eli Berge Ness og Margit Fausko frå styret.

Det vart ei interessant samtale med Eli frå noverande styre, og dei tidlegare leiarane Svein Kostveit og Arne Vinje, leia av Kathrine Kinn. Mange artige parallellar frå tidleg 2000 tal til februar 2023. Ikkje så mykje har endra seg mellom NBS, Bondelag og stat på dei åra.



God stemning. Foto: Silje Hegg

Per Helge Seltveit vart vald til ny leiar, og Sondre Aasan vart takka av. Takka av blei og sekretær Kari Tellefsen, som blei avløyst av Silje Hegg frå årsskiftet.



Foto:Svein Kostveit

Beitebruk og rettferdig matsystem

På dag to var me heldige å få Yngve Rekdal frå NIBIO på besøk. Han snakka om utmarksbeite, beitekartlegging og arealplanlegging. At beitebruk spelar inn på sjølvforsyninga, og at utmarksbeite og treng ei form for jordvern.

Etter Yngve hadde styremedlem og grønsakstprodusent, André Trondsen eit foredrag med lokalmat, produksjonsmetodar for auka lokal beredskap og korleis kvar enkelt av oss kan gjera noko for å skape eit betre og meir rettferdig matsystem.

Uttaler vedtekne på årsmøtet:

2035

Sjå for deg at du køyrer gjennom Østerdalen, Myrkdalen eller Drivarbekkdalen. Rauland, Sauland eller Nesland. Gjennom rønningar og større hòlt av selje og bjørk på det som ein gong var eit jorde, skimtast våningshus og fjos til nedfalls. Ei gardin blafrar ut av eit øydelagt kjøkenglas. Fjoset har knela etter nokre rundar med kraftig vind og tung sno. Garden og bygd i som ein gong blømd, har grodd att. Dei som ein gong budde der har flutt. Til meir sentrale strom. Kanskje til ein større by.

Det skjedde noko for 12 år sidan. I 2023. Alt ha blive så dyrt; straumen var dyr, drivstoff. Ja til og med maten kosta meir enn den smaka, meina mange. Ein av dei mange fekk den strålende ideen om å fjerne tollvernet. Då ville maten bli billigare, og utvalet mykje større. Norsk mat var både dyr og kjedelig. Fleire og fleire støtta etterkvart dette; Avisene i Akersgata, handelstoppane og til slutt fleirtalet på Stortinget. Det vart fri flyt. Buine bugna av ost frå Danmark, kjøt frå Tyskland, og pylser frå Polen. Men prisen var om lag den same.

Samstundes får ikkje bonden i Østerdalen eller Nesland noko for det hen produserar. Det finst ikkje norsk mat på bui lenger. Hen prøvar å springe endå litt fortare, men mistar fotfestet og møter vegg. Ikkje berre ein, men

brorparten av dei me kjem i hug som små og mellomstore bruk møter veggen. Dei resignerer. Legg ned. Ikkje lenge etterpå fylgde nærbui, skulen og den lokale verkstaden etter. Bygda hadde mista grunnmuren, og det vart ei folkevandring til byane. Bygda var daud.

Dette er sjølvstekt eit «worst case scenario», men likefullt noko å tenke på. Tollvernet er heilt uvurderleg for dei norske bøndene og matsikkerheita, og burde styrkast framfor å svekkast. Me er sårbare for auka import, men me må og passe på at me ikkje øydelegg for oss sjølve. Difor meiner årsmøtet i Telemark Bonde- og Småbrukarlag det er naudsynt med ei form for produksjonsregulering i alle produksjonar. Og så skal me sjølvstekt få godt nok betala for det me gjer. «Jamstilling på rett tallgrunnlag» er gjenteke i næringa i lang tid. Og det skulle bare mangle; at me som lagar maten alle et og treng, ikkje skal kunne sitje att med like mange kroner som den gjennomsnittlege arbeidstakar!

Årsmøtet i Telemark Bonde- og Småbrukarlag vil oppmode alle, særleg politikarar, til å framsnakke tollvernet og dei norske bøndene, og hjelpe bøndene i kampen for sosial og økonomisk jamstilling.

Utfordring til det lokalpolitiske Telemark

Det er lova eit krafttak for jordbruket i Noreg. Regjeringa vil at halvparten av maten vår skal produserast på egne ressursar. Det er sagt å vere eit ambisiøst - så vel som eit optimistisk mål. Bondeorganisasjonane har som hovudmål å medverke til at satsinga blir truverdig slik at den norske bonden faktisk legg arbeid, eigenkapital og si eiga framtid i satsinga. Norsk Bonde- og Småbrukarlag kjenner òg eit særleg ansvar for at små gardar og stille grender atter skal vakne til yrande liv. Alle skal vere med. Det skal dyrkast meir frukt, jordeple og grønsaker. Bufer skal beite i frodige ravedalar og mellom stein og bjørk i bratte lier. Dei skal på nytt finne støylsvegane til attgrodde vollar.

Den nasjonale jordbrukspolitikken er overordna. Så lyt alle gjere sitt. Sjølvforsyning av mat er beredskap i klartekst, nasjonalt som lokalt. Felles rammevilkår for jordbruket har gitt ulike satsingar i bygder som elles synast vere like. Eitt dalføre kan bløme, medan dalføret innanfor gror att. Lokale faktorar som fellesskap, fagmiljø og lokalpolitiske prioriteringar spelar inn.

Til hausten er det kommuneval, og lokalpolitiske program er nå til utforming og diskusjon. Friske idear og spenstige tiltak kan inspirere både til busetting og nybrott. Stødige tiltak som tilskott til grøfting og nydyrking gjev resultat. Grundige planprosessar for landbruk og arealforvalting er eit særleg kommunalt ansvar, og det viktige jordvernet lyt sikrast òg i utmarka gjennom beitekartlegging og planar for beitebruk. Offentleg innkjøp av lokale matvarer stimulerar til produksjon.


I eit samspel mellom nasjonal og lokal satsing er det von om å lukkast. Det er sjølv sagt på område som vegar, digitalisering, skule og eldreomsorg. Det politiske Telemark lyt tilsvarande aktivt legge til rette for at lovnaden om eit nasjonalt krafttak for jordbruket vil gje nysatsing og vekst i heile fylket.

Årsmøtet i Telemark Bonde- og Småbrukarlag

Arbeidsåret 2023

Med nytt styre sentralt, og ny leiar i Tor Jacob Solberg er det ein ny giv i laget, og ei tru på at me kan skape endring. Ei endring til det beste for både bøndar og samfunnet elles. Regjeringa har ei klar Hurdalsplattform der dei mellom anna lyfter fram både jamstilling og auka sjølvforsyning.

Jordbrukets opptrappingsplan



Telemark Bonde og Småbrukarlag

Publisert av Sondre Aasan · 12. mars 2023 ·

Opptrappingsplanen for jamstelling av bøndenes inntekt med gjennomsnittleg arbeidsinntekt har blitt utsett, det blir av landbruksministeren vist til at det er eit stort og krevjande arbeid.

Grytten-utvalet påviste at medianinntekta i jordbruket per årsverk er 212 200 kr (vederlag til arbeid og kapital). Då er gapet til gjennomsnittleg arbeidsinntekt meir enn 400 000 kr!

Grafikken syner ein "detaljert" plan for tetting av dette gapet i løpet av to år.

Norsk jordbruk er klar for å omstille seg slik at regjeringas mål om 50% sjølvforsyning blir oppfylt, men målet er utopi om bøndane fortsatt skal gjere jobben for ein tredjedel av ei vanleg inntekt. Årets jordbruksforhandlingar må gje framtidstru!

Tekst og grafikk Sondre Aasan

I vår var kravet frå fylkesleiarane i NBS kr 200 000 pr årsverk. Så veit me alle korleis det gjekk; Staten sette NBS på gangen, og forhandla fram ei avtale med Bondelaget. Ei avtale som langt i frå tettar noko inntektsgap, eller aukar sjølvforsyninga. Dette gjorde at NBS fortsette å få nye medlemmar. Om lag tusen i talet på landsbasis. Her i Telemark har me fått 36 netto nye medlemmar. Og me har plass til fleire!

Utover styremøter har me deltatt i fylkesleiar møte, møter med NBS i samband med jordbrukstingingane, samt månadlege kontaktmøter. I oppfylgginga av klimaplanen har det vore mange møter i gruppa som arbeider med den. Per Helge Seltveit og Gunnar Haugo var i samband med dette med på ein 2 dagars fagtur til Hadeland. Det har vore møte om fordeling av RMP-midlar, innspel til dyrevelferds meldinga, jury-møte om utdeling av BU-pris. NBS landsmøte på Hamar (s.22). Partnerskap Landbruk var me på møte i i desember. Per Helge og Regina deltok på beite-konferansen på Gardermoen i januar i år, med viktige tema som beiterett, gjerdeplikt, hyttefelt og rovdyr på agendaen(s.30).

NORSKPRODUSERTE SKINN SIDAN 1951

- Me tar i mot skinn for beredning
- Hentar returskinn på dei fleste slakteri
- Velg kun ut dei beste råvarene til beredning

Salg av alle typar
skinn og lær,
engros-detalj



FABRIKKUTSALG I ØLENSVÅG, VELKOMMEN!
MAN-TOR 10-16 / FRE 10-17 / LØR 11-14

BJOAVEGEN 187 - 5582 ØLENSVÅG
TLF. 52 76 50 00 - GRANBERGGARVERI.NO

GRANBERG
GARVERI



Litt tryggere gårdsliv

Forsikring

Pensjon

Livs- og helseforsikringspakken **Enkelt Liv** er tilpasset deg som driver enkeltpersonforetak – også deg som er bonde.

Blir du syk eller skadet, får du økonomisk hjelp til å gjøre nødvendige tiltak for deg, familien og driften.

Les mer på gjensidige.no/enkelt-liv,
eller ring oss på 915 03100.



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

Gjensidige





Komplette fôringlinjer til alle dyreslag

«Smart Fôring» er komplette fôringslinjer til storfe, sau, gris og fjørfe. Å velge ny fôringslinje i fjøset er en viktig beslutning. Riktig tildeling av grovfôr og kraftfôr til de ulike dyregruppene, optimalisering av fôropptak og effektiv utnyttelse av fôret, er avgjørende for god produksjonsøkonomi. Investering i ny fôringslinje skal også redusere arbeidsbelastningen og frigi tid til andre gjøremål. Fôringsutstyret skal være fleksibelt, enkelt å bruke og driftssikkert. Vi samarbeider med de ledende leverandørene i markedet, og de beste produktene er satt i system av våre dyktige fagfolk.

André Skenevang

Konsernleder,
FjøsSystemer Gruppen



Tlf 02634 fjossystemer.no

FJØSSYSTEMER

Bonden og dyrenes førstevalg

Støylsdagen 2023 vart arrangera 13. august på Bergstaulen i Tinn



Tekst av Arne Vinje, foto Tor Mølster Byggland

Om krig, krise og mat på geitestøylen

– Krig handlar vel så mykje om menneske som om våpen og teknologi, det har Ukraina lært oss det siste halvanna året, sa generalløytnant Robert Mood på Bergstøylen i Tinn sist sundag. Det var samhald, samhandling og fellesskapskjensle som gjorde at Russland ikkje greidde å køyre over Ukraina i starten av krigen. Det ukrainske folket hadde evne og vilje til å stå i mot ei overlegen våpenmakt. Det er ein føresetnad for alt effektivt forsvar.

Beredskapen kviler på levande lokalsamfunn

Dette dystre temaet var ein del av programmet på støyldagen som Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag skipar til i samarbeid med fylkeslaget kvart år. Denne gongen handla det om beredskap – den sivile meir enn den militære. Både er avgjerande for forsvarsevna til eit kvart samfunn.



– Levande lokalsamfunn, ein tradisjonsrik sjølvbergingskultur og stor lokalkunnskap er avgjerande for totalforsvaret, sa Mood. I Noreg er landbruket framleis ein hjørnestein i alle delar av landet. Så lenge me har eit spreitt landbruk som er i stand til å utnytte dei

spreidde arealressursane, så er landet mindre sårbart når matforsyninga er truga. Derfor er det urovekkjande at me importerer meir enn 60 prosent av maten, og uakseptabelt at stadig fleire bruk går ut av drift.

– Men dette vil snu, proklamerte han. Støyldriften og det allsidige landbruket er viktigare for byane enn for bygdene, og det ser folk.

Frå liene i kring kom hundre geiter ranglande ned åt støylen for å bli mjølka. Om lag like mange menneske hadde samla seg på støylostunet, der dei åt rjomegraut, drakk kaffi, lydde på vakkert fløytespel og skravla med kvarandre. Men dei fleste kom for å høyre to karar som i det siste har prega debatten om landbrukets framtidige rolle.

Utan bønder, ingen beredskap

Ein offensiv leiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Tor Jacob Solberg, tok opp att kravet om inntektslyft og økonomisk jamstilling.



– Det handlar ikkje om at bonden skal bli rikare, sa han, men at samfunnet skal bli betre. Aldri før har så få bønder fødd så mange for så lite. Det gjeld både nasjonalt og globalt. Slik kan det ikkje lenger halde fram utan at matforsyninga vår raknar heilt!

Solberg meinte som Robert Mood at folk tek til å skjønne dette no. – Men dei som styrer, la han til, topp-politikarane og embetsverket, dei skjønar ikkje kvifor det er naudsynt med ein ny politikk. I staden held dei att og finn stadig nye påskot til ikkje å gjera noko.

Det siste året har Norsk Bonde- og Småbrukarlag jobba for å få regjeringa og Stortinget til å skjønne at landbrukspolitikken ikkje er til for bøndene, men for heile samfunnet. Før jordbrukstingingane i vår knytte laget til seg representantar for tunge politiske rørsler med same syn, miljørørsla og fagrørsla.

«Me et alle kring same bord»

– Me trur på dialog, sa Solberg, og me treng ikkje vera samde i alt, når me står saman om det grunnleggjande: At Noreg må ha kontroll over si eiga matforsyning i ei tid dominert av miljøkriser og krig. Robert Mood blei med fordi han skjønar dette og har stor autoritet i spørsmålet om beredskap.

Etter innleiingane leia Kathrine Kinn ei samtale mellom dei to, der alvoret i situasjonen veksle med ei framtidstru på vilkår. Robert Mood vedgjekk at hans eige engasjement var kveikt av auka kunnskap om stoda i landbruket, og formana NBS til å halde fram med å informere. Tor Jacob Solberg minte om at endå NBS var gode til å seia nei, så sa laget samstundes ja til mykje, til betre vilkår for bøndene og ei tryggare framtid for alle. NBS har no auka medlemsoppslutning, noko som sjølvstøtt gjer det lettare å nå fram politisk.

Populær støylspris



Som eit aldri så lite høgdepunkt i programmet var utdelinga av Telemark Bonde- og Småbrukarlags aller fyrste støylspris. Naturleg nok – og til stor jubel – gjekk prisen til Bergstaulen og Stordalen gardsbruk.

Det var fortent, ikkje berre fordi familien Stordalen i mange år har levert geitostar i verdsklasse, men òg (som det heiter i grunngevinga) fordi

Bergstaulen er «ein møteplass for by og bygd, tradisjon og nyskaping, segn og soge, draum og levande framtidstru.» ut av norsk matproduksjon til fordel for vokstrar som menneske kan eta direkte. Argumentasjonen for dette er fagleg svak, og konsekvensane av ei slik line ville vera nedlegging av landbruket i store delar av det gamle husdyrfylket Telemark.»



Prisen, Ein akvarell av ei telemarkskyr måla av Bjørnn Fauske Lysdahl

Foto: Gunnar Haugo

Dyrsku'n 2023

Dyrsku'n i Seljord stilte med strålende vær og mange besøkende. TBS var på standen i 2. etasje i husdyrhallen gjennom helga. NBS'arar frå andre kantar av landet hjelte og til med å bemanne standen.



Tor Jacob Solberg på dyrskustanden med eit nyverva medlem frå vestlandet. (foto Tor Mølster Byggland)

Debatt hjå «møt landbruket» mellom Tor Jacob Solberg(NBS) og Egil Hoen(Bonde- laget) leia av Hans Bårdsgård



Foto Tor Mølster Byggland

Me ser fram til dyrsku'n 2024. Då blir det stand ute, om det gjeng etter planen.

Skal tilfeldighetene styre i domstolene? Av Regina Brajkovic

En rovdyraktivist fra Extinction Rebellion fikk nylig en forholdsvis lav bot. Fordi meddommerne bestemte det.

Vi har et rettsystem som er basert på at vi skal dømmes av likemenn. I mange år har undertegnede vært meddommer, og det er et godt system.

I stor grad er det småkriminelle vi dømmer, og både dommere og advokater har god kunnskap og erfaring med å dømme riktig i disse tilfeller. I tillegg skal det dømmes rettferdig, og uavhengig av egne sympatier eller antipatier.

En aktivist er en person som forsøker å oppnå politisk endring ved å legge press på politikere og det politiske systemet. Det kan være gjennom ytringer, aksjoner, offentlige protester, demonstrasjoner, streiker, boikottaksjoner eller andre handlinger. Ut fra den definisjonen er det nok mange av oss som er aktivister, men vi er ikke alle like aktive.

Aktivism er heller ikke farlig i et samfunn som har kunnskap om temaene det aksjoneres for. Eller imot. Det kan tvert imot bidra til at vi skjerper oss. Få oss til å tenke en gang til. Sjekke om argumentene stemmer.

Aktivism kombinert med manglende kunnskap og erfaring er farlig. Resultatet kan bli at folk overkjøres og i ytterste konsekvens utsettes for justismord.

Det norske samfunnet er i ferd med å miste kunnskap og praktisk erfaring om landbruk matproduksjon. Mange gidder ikke lenger tenke på hvor maten kommer fra. Dette påvirker rammene for matproduksjonen.

Reindriftsnæringa sliter minst like mye og mange av utøverne har fremdeles få positive opplevelser i det «norske» samfunnet. Derfor kan det være vanskelig å komme i kontakt dem, også av oss som også ønsker dem vel.

Aktivisten fra Extinction rebellion påpeker at meddommernes sympati og forståelse var bakgrunnen for straffenedsettelsen. En nyttig påpekning til dem som dømte om at tilfeldigheten råder.

En reindriftssame jobbet kontinuerlig i 4 døgn for å beskytte reinsdyra sine i kalvingsområdet mot ei binne med unger. Omkring 50 nyfødte kalver var drept, før de hadde rukket å sette beina under seg etter fødselen. Miljødirektoratet avslo fellingssøknaden med begrunnelse at de ville øke bjørnebestanden, i et

kalvingsområde for tamrein. Staten gjennom SNO forsvant etter to dager, da de må ha forstått at oppgaven med å skille kalvende rein og ei bjørnebinne under angrep var umulig.

Dyreiere har ansvar for å beskytte sine dyr mot rovdyr. Reineier trodde det var støtte i nødvergebestemmelsen i Naturmangfoldloven. For å beskytte de kalvene reinsdyrene plasserte han seg mellom den angripende bjørnebinna og reinsdyrene. Dette likte binna dårlig da hun dukket opp på 30 meters avstand. Reinsimlene var noen hundre meter bak. Valget var mellom å skyte bjørnen, eller rømme vekk og la bjørnene fortsette drepingen de nyfødte kalvene. Han skjøt binna og ungene mens de var på vei mot flokken for et nytt angrep.

Kalvingslandet er det reinsdyrene selv har valgt, og brukt gjennom hundrevis av år. Samisk reindrift følger reinsdyrene og gir derfor en nomadisk livsførsel. Frostating lagmannsrett innrømmer at samene var i en vanskelig situasjon. Likevel dømmes han til 6 måneder i fengsel. Høyesterett har avvist behandling av saken.

Denne våren kan det hende at samene sitter i fengsel, mens nye bjørner kan fritt spise opp de nyfødte reinkalvene.

Sauebøndene har det noe enklere. Dyrer er inne om vinteren, men sau må på utmarksbeite om sommeren for å ha et godt liv. Den viktige jobben de gjør for det biologiske mangfoldet og kulturlandskapet, forstås ikke lenger av mannen i gata. Til sommeren kan det være en saueier som står ansikt til ansikt med bjørnen.

Politikerne lager lover, som framstår som om du har rettigheter. Advokater tolker lovene, mens domstolene tilsynelatende dømmer etter sympati.

Sannhets og forsoningskommisjonen har nettopp levert sin enorme rapport. Rapporten inneholder en stor mengde beskrivelser av overgrep begått av den norske staten. Historien fra Lierne er ikke med. Et eksempel på at overgrepene er pågående?

Aktivistens motiv ble forstått og i stor grad tilgitt av det urbane samfunnet. Samene skal kastes i fengsel og som saueier kan jeg være tvunget til å måtte velge mellom liv og død.

Regina Brajkovic,
Sauebonde og meddommer

Langsiktighet, sikkerhet og best økonomi

Enten du er storfeprodusent med 2 års produksjonssyklus eller kyllingprodusent med 30 dagers oppforingstid, så ligger det et langsiktig perspektiv bak investeringene dine.

Da er det trygt å ha en samarbeidspartner med den samme langsiktigheten som selve grunnlaget for sin virksomhet. En samarbeidspartner som også garanterer for avsetningen din, uansett hvor du bor eller hvor stor produksjon du har. Men kanskje aller viktigst: En samarbeidspartner med et overordnet mål om å bidra til best økonomi for bonde - både på kort og lang sikt.



Nortura

Hvorfor skal jeg være eier av TINE-samvirket?

- Et samvirke som jobber for best mulig økonomisk resultat fra din melkeproduksjon.
- Trygg og forutsigbar avsetning av melka.
- Tilgang til verdifull kompetanse i alle deler av melkeproduksjonen.
- En gunstig startpakke som ny bruker.
- Et godt faglig og sosialt miljø i produsentlaget.
- Et samvirke som sikrer deg konkurransekraft og påvirkning videre i verdikjeden.

Sammen skaper vi et levende Norge

medlem.tine.no




TINE

Me treng fleire bønder - ikkje færre!

9.-12. november gjekk det 94. ordinære landsmøtet til Norsk Bonde- og Småbrukarlag av stabelen på Hamar.

Inntekta til bonden er jamt over elendig, bønder gjev seg, og sjølvforsyningsgraden i Noreg er ei av verdas aller lågaste.

For å få merksemd rundt dette blei landsmøtet sparka i gang med ein aksjon med eit symbolsk gravfylgje, med ei kiste fylt med brød som vart selde for 3 kroner per stykk. Det er omlag prisen bonden sit att med. I front var leiar i Norsk Bonde- og småbrukarlag, Tor Jacob Solberg, som målber bodskapen om at bonden må få meir for det den produserar og arbeider. I tillegg var dei fleste på aksjonen kledd i grøne fjosdressar, og nokre med plakater «will work for food», som spelar på kunstverket til Pøbel på Stavanger havnesilo.



Gunnar Haugo og politisk nestleiar, Vegard Vigdenes Tor Jacob Solberg blei intervjuva av TV 2. Gunnar song.

Vest-Telemark var godt representert på landsmøtet. Utsendingar var Erlend Svenke Fundli, Kathrine Kinn, Gunnar Haugo og Tor Mølster Byggland. Frå fylket stilte Elin Ringhus frå Fyresdal som ungdomsutsending. Per Helge Seltveit frå Fyresdal er fylkesleiar. Svein Kostveit og Arne Vinje er båe tidlegare leiarar i NBS, og var gjester på landsmøte.



Nokre av telemarkingane på landsmøte. Frå venstre: Regina Brajkovic, Erlend Fundli, Gunnar Haugo, Elin Ringhus, Per Helge Seltveit, Anne Agata Brajkovic, Tor Mølster Byggland og Erling Ballestad.

Laurdagen var det debatt, samt høve å stille landbruksminister Geir Pollestad nokre spørsmål.

NBS har fått utarbeidd både ein uavhengig rapport om den økonomiske stoda i jordbruket, ein plan for å auke sjølvforsyningsgraden og ein opptrappingsplan for å jamstille bondens inntekt med snittet i samfunnet elles. Alt for å hjelpe statsråden og regjeringa til å oppfylle eiga hardalserklering.



Seiste dagen gjekk med til val, og vår eigen ungdoms-utsending Elin Ringhus (bilete) vart vald til fast plass i ungdomsutvalet til NBS!

Kathrine Kinn vart leiar av valnemd.

Alt i alt eit strålende landsmøte med gode debattar og vedtak for rettferdige vilkår for bonden, og for at du skal få nok og trygg norsk mat i framtida!

Ref. Tor Mølster Byggland Lokallagsleiar Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag

Eit samandrag av DNA-testing av ulv, presentert av Regina Brajkovic i eit eige seminar på Landsmøtet:

DNA av ULV

Sammendrag av resultatene fra DNA testing ulveblod, -vev og -møkkprøver som er samlet inn siden 2019. Prøvene er analysert av ForGen i Hamburg, Tyskland, et anerkjent institutt som utfører DNA analyser i kriminalsaker men som også tester mye hund på opphav og opprinnelse.

Resultatene er oppsiktsvekkende, men blir dysset den og tiet ihjel av Rovdata og forskningsinstitusjoner som jobber med ulv i Norge.

1. Det stemmer godt med våre funn at den såkalt sør-skandinaviske ulvebestanden er innavlet.
2. Vi finner noen få dyr som tester russisk ulv.
3. Vi finner ingen dyr som tester finsk ulv.
4. Hovedopprinnelsesområdet synes å være de baltiske landene, med enkelte unntak.
5. Det synes å være et relativt stort innhold av hundegener i den innavlede sør-skandinaviske ulvebestanden.
6. Erfarne møkkplukkere som finner både ulvespor og ulvemøkk får ofte hund eller rev som resultat. ForGen finner nesten alltid ulvegener i disse prøvene, ofte med «feil» morslinje.
7. Vi finner alt for mange morslinjer, også innenfor ulvebestanden som er plassert innenfor den offisielle stamtavla.
8. Rovdata analyserer ikke mtDNA, morslinjene. De er sikre at det kun finnes to morslinjer her i landet.
9. Mange av ulvene tester like mye schæfer eller molosserhund som ulv.
10. Vi finner ofte molosserhunder i ulvebestanden, en hundegruppe som Rovdata ikke har med i sitt referansemateriale.
11. Det ble funnet et mulig ulvefoster i Sverige som ble hentet med politieskorte for å analyseres. Rovdata finner ut at det er et revefoster. ForGen har testet og funnet ut at det ligner mest på labrador.
12. Vi har fått mange meldinger fra Vestlandet om løse hundedyr. Flere prøver viser ulveinnblanding, men disse prøvene tester alltid hund eller rev hos Rovdata.
13. Vi fant to såkalte helsøsken (fra samme revir og foreldre) som har forskjellig morslinje og genetikk. Disse er blant de verifiserte prøvene vi forhåpentligvis får svar fra snart.
14. To møkkprøver som ble tilsendt fra Nederland viser at de muligens har sør-skandinavisk ulv der også.

Det virker som om deler av ulveforvaltninga er taushetsbelagt. Vi mener det er feil, vi trenger åpenhet for å kunne ha en god debatt på ærlige premisser.

OLJEFONDET MÅ AVSLUTTE INVESTERINGAR I INDUSTRIELL HUSDYR-PRODUKSJON

Oljefondet eig 0,19 prosent av verdas største grisefabrikk i Kina. Investeringa tilsvarar ein verdi på over 700 millionar kroner. Årleg blir det oppdretta og slakta 2,1 millionar grisar i anlegget. Telemark Bonde- og Småbrukarlag meiner at denne investeringa er forkasteleg, og at investeringar i industriell husdyrproduksjon må avsluttast.

Ei av dei mest sentrale og kjente lovene i Noreg er dyrevelferdslova med formål om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr. Dei etiske retningslinene frå Stortinget til Oljefondet seier at fondet ikkje skal investere i selskap som bidreg til brot på grunnleggande etiske normer. I Noreg er husdyrproduksjonen i liten grad industrialisert samanlikna med mange andre land, og regelen er at bonden har omsorg for og tette band til dyra. Produksjonsdyrkonvensjonen til Europarådet omtalar særleg industriell husdyrproduksjon som utfordrande, og som noko som treng stor grad av detaljert regulering. Reguleringa skal sikre akseptabel dyrevelferd, men det blir meiningslaust å tale om respekt for dyr i ein storskala, fullautomatisert industriell husdyrproduksjon.

Oljefondet investerer berre i børsnoterte selskap utanlands. Når slike børsnoterte selskap driv husdyrproduksjon, vil dette klart vere i svært stor skala og venteleg av industriell karakter. Telemark Bonde- og Småbrukarlag oppmodar Oljefondet om å avslutte slike investeringar i samsvar med dei etiske retningslinene til fondet. Om ikkje, må Stortinget presisere retningslinene slik at desse tydeleg omtalar dyrevelferd og respekt for husdyr.

Per Helge Seltveit

Leiar, Telemark Bonde- og Småbrukarlag



På lag med landbruket

Forsikring

Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige.

Les mer på gjensidige.no/landbruk, eller ring oss på 915 03100.



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

Gjensidige





**Lands-
dekkande
tilbod!**

Sjukemeld, eller i fare for å bli det?

AiR-klinikk har høg kompetanse og lang erfaring på å hjelpe menneske å finne rett balanse mellom krav og kapasitet i privatliv og jobb – **der målet er å koma tilbake i varig arbeid.**

Ingen eigenandel. Søk plass via fastlegen din.

Rehabiliteringssenteret **AiR**
KLINIKK

Rauland i Telemark // Tlf. 35 06 28 00
www.rehabilitering.no

Hjartdal og Notodden Bonde- og Småbrukarlag si 40-års feiring. Saka var på trykk i Telen 11.11.23

Feira 40-års jubileum med «Heimablidni»

For å markere jubileet, ble medlemmene i Hjartdal og Notodden Bonde og Småbrukarlag innbudt til Tjønnås Økogard, hvor de ble servert middag i regi av det spennende pilotprosjektet gjennom Fjellnettverket «Bondens Bord».

40-års jubileet ble vel å merke feiret ett år på etterskudd, ettersom lokallaget først ble oppretta som Hjartdal Bonde og Småbrukarlag i 1982. I 2013 ble lokallaget slått sammen med Notodden lokallag – derav Hjartdal og Notodden Bonde og Småbrukarlag.

Hedret medlemmer

Hjartdal og Notodden Bonde og Småbrukarlag Under 40-årsfeiringen ble i tillegg fire jubilanter satt pris på for deres engasjement i lokallaget.



TRADISJONSRIK MAT: De oppmøtte fikk litt av en oppvertning hos Tjønnås Gard. Her får de servert kortreiste smaksopplevelser på 'Bondens Bord'.

Foto: Helle Kaufman Gjerde

– Det var ekstra stas å kunne feire at de engasjerte medlemmene Reidun Dahl, Astrid Sofie Lia Engebretsen, Gudrun Bø og Torild Möinichen Skårdal har vært med helt siden lokallagets opprettelse, sier Gjerde.

– Det ble en hyggelig samling med både eldre og yngre medlemmer, og mye god prat om fortid og framtiden for norsk jordbruk.



Fra 40 års markeringa i Hjarthdal og Notodden Bs

FV: leiar:Arvid Lia. Jubilarer: Reidun Dahl, Astrid Sofie Lia Engebretshen, Gudrun Bø og Torild Møinichen Skårdal samt fylkesleiar Per Helge Seltveit

Heimablidni

Gjennom pilotprosjektet til Fjellnettverket «Bondens Bord», som skal være matopplevelser basert på gårdens ressurser, fikk lokallaget «smake på» den færøyske serveringsordninga «Heimablidni». Ordet «Heimablidni» er færøysk, og betyr «hjemme hos».

– Det går ut på at gårdsbruk åpner dørene sine og inviterer besøkende til et måltid i egen stue, forteller Helle K. Gjerde, som var svært fornøyd med serveringen. Prosjektet fant sin vei til Norge, etter at Færøyene opplevde stor suksess i reiselivet, der mesteparten av verdiskapinga kom i og rundt byene. Prosjektet er nå en prøveordning for gårdsbruk i fjellområder, og i denne omgang for tolv utvalgte gårdsbruk fra Innlandet, Viken, Vestfold og Telemark og Trøndelag. Målet til prosjektet er at virksomhetene skal starte opp med servering i løpet av sommeren og høsten.

Førjølstreff på Nutheim 14. desember

Førjølstreff på Nutheim

Torsdag 14. desember kl. 19.00

Alle medlemmer i Telemark Borden- og Småbrukarlag er velkomne!

100 kroner og hylle
engrosket 100 kr

Førjølstreff 14. desember kl. 19.00
Førjølstreff 14. desember kl. 19.00
171 154 46 732

Det vart eit godt lag på fint førjolstreff på Nutheim! God mat, allsong, Kathrine Kinn las frå den nye boka si, «En bondefortelling». Fylkesleiar og sekretær hadde ein liten bolk om forsikring. Til slutt avrunda Svein Olav Krontveit kvelden med to slåttar.



«Kampen om utmarka 2»: Beitekonferansen

Utmarksutvalet i NBS, saman med TYR og NSG, arrangerte beitekonferanse på Gardermoen 17.-18. januar 2024. Over 160 deltakarar og venteliste tyder på full mobilisering i ei pressa beitenæring. Hyttebygging, jakt, rekreasjon, vern og industriell nedbygging utfordrar beiteretten, - som juridisk står på gamal, men utrygg grunn. Samstundes blir beitbruken stendig viktigare for sjølvforsyning og som klimatiltak.

Både avisa Bonde og Småbrukar 1-24 og [Kvar står kampen om utmarka? | Norsk Bonde- og Småbrukarlag \(smabrukarlaget.no\)](https://www.smabrukarlaget.no) har omtale av konferansen.

I denne årsmeldinga vil vi særleg nemne det framifrå gode foredraget til advokat Olav Felland. Frå det omfattande lovverket som regulerer beitebruk, peika Felland særleg på Jordskiftelova og § 3-8 Reglar om sambruk.

Streifbeiting er ikkje tydeleg omtala, eller regulert i lovverket, men paragrafen seier at «Jordskifteretten kan skipe sambruk og gi reglar om sambruk der det ikkje er sambruk frå før, dersom det er særlege grunnar for det.» Felland meiner at denne ordlyden kan løyse utfordringar knytt til streifbeiting, og han gav døme frå rettsdomar på dette.

Det vart i fleire innlegg understreka at få saker om beiterett er like, og det er alltid viktig å framskaffe så mykje dokumentasjon som mogleg. Skriftlege beiteavtaler er ynskjeleg, men som regel fråverande. Dokumentasjon og vitnemål om alders tids bruk og hevd er viktig. Ein beiterett går dessutan ikkje ut på dato, sjølv om beiteretten ikkje har vore nytta.

I den avsluttande debatten kom Olav Felland med ein tydeleg bodskap:

- Det må bli fleire bønder
- Det må bli fleire synlege bønder
- Det må bli fleire engasjerte og høglydte bønder
- Fleire med bondebakgrunn må inn i byråkrati og rettsvesen
- Det må snarast bli politisk vilje til å gjere jordbruket økonomisk leveleg

Frå styret i TBS møtte Regina og Per Helge på konferansen i tillegg til fleire telemarkingar som vil stå på for beitebruk og beiterett.

Per Helge Seltveit

Takk for eit godt arbeidsår!

Vinje 25.01.24

Per Helge Seltveit (s)	Sondre Aasan (s)
Regina Brajkovic (s)	Havor Versto (s) André Trondsen (s)

Returadresse:

Tor Mølster Byggland

Trovassvegen 121

3890 Vinje

Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvista.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



Felleskjøpet

Tlf: 72 50 50 50 • felleskjopet.no